

Dette undervisningsopplegget inneheld to fiksjonsfilmar som fokuserer på temaa kommunikasjon og utanforskap. Filmane er delt i ulike deler der me får sjå *same* situasjon fleire gonger, men frå ein annan sitt perspektiv. Dette hjelper elevane til å reflektera rundt kor *ulike* opplevingar me menneske ofte har.

Dei to filmane fokuserer på grunleggande ferdigheiter i sosialt samspel, i tillegg til sjølvkjensle og empati. Dette er sentrale element innanfor det tverrfaglege temaet livsmeistring. *Måndag morgon* startar med 11 år gamle Sofie som har klippa av seg det lange håret, og er spent på kva dei andre kjem til å seia. *Etter skulen* startar med fire vener som gamar, der språkbruken er ganske tøff. Til begge filmane er det utvikla ei tilhøyrande lærarretteiing med konkrete råd og oppgåver.